



Skuledagen opna på ein litt spesiell måte i dag - han opna med ein vernissage i inngangspartiet.

Og som under ein verkeleg vernissage, som markerar opninga av ein kunstutstilling, vart det servert champagne(brus)!

'Dei magiske husa' heiter utstillingen og han blir hengjande nokre veker. Det er dei 31 elevane i 3. og 4. klasse som har æra for kunsten og dei har saman med lærarane Rannveig Helleland, Odd Steinar Arnesen og Åse Neset grunn til å vera stolte over verket, som dei har halde på med eitpar veker.

Men kvifor heiter utstillingen 'Dei magiske husa'?

Rannveig fortel at det har noko med samanhengem mellom voksfarge og vatnmåling å gjera. Blandinga har ein spesiell effekt som utløyste denne elev-replikken:

- Å, dette er jo heilt magisk!

Og dermed var utstillinga døypt!

På biletet under står elevane klare for opning. Over presenterar Emilie Bringedal frå 4. klasse kunstverket sitt.

Det er eit hotell med loppemarknad utanfor.

Ta ein tur innom og sjå på dei mange magiske husa!

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)

